

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.11.2020

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram slikt tilleggsforslag til punkt 3:

«Forslag om tillegg til pkt. 3:

sette inn kortreist mellom økologisk og berekraftig mat.»

Silja Ekeland Bjørkly, H, sette fram slikt forslag:

«Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.»

Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 4 røyster (H, FNB, AKAD og LO) og fall.

Berthelsen sitt tilleggsforslag vart vedteke mot 1 røyst (FNB).

Innstillinga vart vedteke mot 2 røyster (H og FNB).

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkestinget vil tilby elevar og tilsette eit ernæringsmessig godt og variert kantinetilbod. Fylkestinget går difor inn for å erstatte sal av sukkerhaldige varer i kantine med sunne alternativ.
2. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av sjømat og frukt og grønt ved at samarbeidet med Fiskesprell vert utvida til å omfatte kantine ved dei vidaregåande skulane og i fylkesadministrasjonen.
3. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av økologisk, kortreist og berekraftig mat gjennom samarbeidet med Matvalet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med status for arbeidet og forslag til eventuell utviding av prosjektet i 2022.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gje årleg status for målet om 15 % økologisk mat i kantine ved skulane og i fylkesadministrasjonen. Tilbodet om vegetariske måltid bør over tid trappast opp.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med bedriftshelsetenesta leggje til rette for auka kunnskap om eit sunt og ernæringsmessig godt kosthald blant alle tilsette.